

Prosjekt Ålesund Universitetskommune – Smarte berekraftige samfunn

Avtale mellom NTNU og Ålesund kommune

Om avtalen

Viser til overordna avtale mellom Ålesund kommune og Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet (NTNU) om Universitetskommunen Ålesund.

Denne avtalen regulerer samarbeidet mellom NTNU og Ålesund kommune vedkomande pilaren Smarte berekraftige samfunn som er ein del av samarbeidet Universitetskommunen Ålesund.

Bakgrunn

NTNU og Ålesund kommune har fleire etablerte samarbeidsprosjekt innan tematikken Smarte berekraftige samfunn. Disse er ein del av den porteføljen som denne avtalen omhandlar. Noverande prosjekt er lista i vedlegg 1 til denne avtalen. Dette vedlegget vil bli oppdatert etterkvart som prosjekt vert avslutta og nye kjem til.

DOGA sitt vegkart for smarte byar legg følgjande definisjon av smarte byar til grunn: "Smarte byar og lokalsamfunn setter innbyggerne i sentrum, og tar i bruk ny teknologi, innovative metoder, samarbeid og samskaping for å bli mer bærekraftige, attraktive, produktive og tilpasningsdyktige".

Berekraft blei definert i 1987 av FNs verdskommisjon for miljø og utvikling som ei utvikling som «imøtekommer dagens behov uten å ødelegge mulighetene for at kommende generasjoner skal få dekket sine behov». I dette samarbeidet vil vi ta utgangspunkt i FNs 17 berekraftsmål.

Ålesund kommune har inngått eit samarbeid med nettverket United for Smart Sustainable Cities, U4SSC. Nettverket er eit konsortium av FN-organisasjonar som har slutta seg til utvikling av smarte byar, basert på FNs berekraftsmål. I samarbeid med U4SSC har Ålesund kommune etablert Ålesund framtidslab – U4SSC ip, der NTNU er gått inn som partner saman med fleire andre offentlege og private aktørar. Gjennom Ålesund framtidslab – U4SSC ip søker ein å skape ein smart og berekraftig region gjennom samarbeid med private og offentlege verksemdar og bruk av nye samarbeidsmetodar.

Som ei del av U4SSC har Ålesund kommune gjennomført ein KPI-analyse som syner kvar kommunen scorar godt innanfor berekraftig drift, og kvar den har potensiale for forbetringar. Analysen har gitt kommunen eit utgangspunkt for å identifisere område der det er behov for å forbetre kommunen si verksemd. Fleire av indikatorane representerer område for nye moglege forskings- og innovasjonsområde som kan danne grunnlag for å etablere nye samarbeidsprosjekt med NTNU.

Desse tiltaka støtter også NTNU sitt samfunnsoppdrag utdanning, forskning, innovasjon og formidling.

Modellen for denne avtalen kan framstillast slik:



Målsetting

For å løyse sitt samfunnsoppdrag generelt, og i eit berekraftperspektiv spesielt, vil kommunen trenge kunnskap og kompetanse som ikkje finst i dag. Universitetskommunemodellen skal utviklast slik at dette behovet blir dekt både regionalt og nasjonalt.

Hovudformålet med arbeidet er difor å vidareutvikle og styrke fagleg samarbeid om forskning, utdanning, nyskaping og innovasjon for å imøtekomme utfordringar og forventningar til eit smart og berekraftig samfunn. Samarbeidet skal ha fokus i Ålesund kommune, men òg i tilgrensande regionar og i fylket, samt gi ringverknadar nasjonalt og internasjonalt.

Delmål:

1. Identifisere viktige og relevante forskingsområde. Styrke dei forskingsområda som er godt etablerte, og skape samarbeid på nye område.
2. Auke studentsamarbeid ut over dei tradisjonelle samarbeidsfelt og sørge for at studentar vert kjende med kommunen som arbeidsplass.
3. Bygge innovasjonskraft i kommunen og auke forskning innan innovasjon i offentleg sektor.
4. Styrke relasjonen mellom offentleg sektor, NTNU og næringsliv mellom anna gjennom samarbeidet i Ålesund framtidslab – U4SSC ip.

Verkemiddel/tiltak

Ad delmål 1:

- Etablere møteplassar/planar for samarbeid innan identifiserte FoU-område.
- Søke forskingsmidlar i relevante program for dei identifiserte FoU-områda.
- Gjennomføre interessentinvolvering for å identifisere nye FoU-område.

Ad delmål 2:

- Dialogmøte mellom aktuelle kommunalområde og fagområde ved NTNU for å formulere problemstillingar (knytt til FoU-områda) som eignar seg for studentsamarbeid.
- Formulere prosjektoppgåver med relevans for begge partar innan på førehand fastsette tidsfristar, slik at oppgåvene kjem inn i systemet for etablering av oppgåver og rettleiarar for komande semester.

Ad delmål 3:

- Gjennomføre kurs/opplæring i open-innovation.
- Vurdere behov for tenesteinnovasjon, produktinnovasjon, prosessinnovasjon og marknadsinnovasjon.
- Søke forskingsprosjekt som støttar offentleg innovasjon.

Ad delmål 4:

- Etablere gode kontaktflater for rask tilnærming til identifiserte felles FoU-prosjekt der særleg visualisering og simulering kan nyttast som verktøy.
- Gjennomføre workshops i tråd med arbeidsplanen utarbeidd av styringsgruppa for Ålesund framtidslab – U4SSC ip.
- Utvikle konkrete tiltak i partnerskap mellom akademien, kommune og næringsliv.

For alle områda skal ein legge vekt på å utvikle prosjekt som kan gi finansiering frå eksterne kjelder. Tiltaka skal vidare bidra til å løfte forskingsfronten, auke formidling mellom akademien og samfunnet, få til innovasjon som bidrar til smarte berekraftige samfunn og som gir verdiskaping i samfunnet. Tiltaka skal bidra til å utvikle utdanning og opplæring til nytte for kommunen.

Tidsramme


Avtaleperioden er 1.5.2020 - 31.12.2024. Partane må innan sluttdato avgjere om samarbeidet skal vidareførast som ei permanent ordning. Ved vidareføring skal partane ha utarbeidd eit endeleg mandat, plan for organisering, plan for gjensidig finansiering samt kva verkemiddel som skal leggjast til grunn for vidare drift.

Samarbeidet skal evaluerast av styringsgruppa midtvegs etter 30 månader og evalueringa skal handsamast av partane seinast innan 1.12.2022. Med bakgrunn i evalueringa vurderer partane eventuelle justeringar i samarbeidet, endringar i organisering og økonomiske rammer.

Organisering

Samarbeidsprosjektet er organisert med ei styringsgruppe og ei koordineringsgruppe, samt prosjekt-leiarar for delprosjekt/delaktivitetar.

Organisering – dynamisk samarbeid



- Styringsgruppa har det formelle overordna ansvaret for styring av ressursar og strategisk retning i høve til dei overordna måla for samarbeidet. Styringsgruppa er samansett av kommunedirektør og tre representantar frå kommunen som kommunedirektøren utpeiker. NTNU er representert ved viserektor, to dekanar og to instituttleiarar frå dei involverte fakulteta/institutta. Gruppa møtast to gonger i året, eller oftare ved behov.

- Koordineringsgruppa følgjer opp, samordnar og tilrettelegg aktivitetar, innspel og prosessar i samsvar med føringar frå styringsgruppa. Koordineringsgruppa rapporterer til styringsgruppa. Koordineringsarbeidet vert ivaretatt av eksisterande stillingsressursar ved NTNU i Ålesund og i Ålesund kommune tilsvarande 20 % frå kvar av partane. Desse har likeverdige funksjonar i koordineringsgruppa.
- Faglege grupper vert oppretta og prosjekt som kjem inn under målsettingane med universitetskommuneavtalen, vert gjennomført. Det skal særskilt fokuserast på å utvikle samarbeidsområde og gjennomføre prosjekt med tverrfagleg fokus i tråd med denne avtalen. Talet på prosjekt og faglege grupper kan variere over tid avhengig av finansiering.

Tematiske fagområde:

Ålesund kommune har vedtatt at FN sine berekraftsmål skal vere berande for kommunen sin samfunnsdel av kommuneplanen. Gjennom bruk av Ålesund framtidslab – U4SSC ip og KPI-analysen skal aktivitetar for å nå måla prioriterast. Implementering vil skje ved hjelp av delaktivitetar under Universitetskommune-samarbeidet der det er egna.

NTNU i Ålesund vedtok i 2019 «Utviklingsplan for tverrfaglige satsingsområder 2019-2025». Hav, handel og helse er utvalde fokusområde, simulering som eit felles utviklingsområde på tvers av faglege fokusområde, og berekraft, digitalisering og nyskaping er tverrgående tema. Satsingsområda ved NTNU i Ålesund er nært knytt til det som særpregar regionen, og samsvarer med fleire av Ålesund kommune sine ansvarsområde. Det er allereie etablert godt samarbeid mellom NTNU og Ålesund kommune på desse områda.

Tematisk innretting av problemtillingar vil bli identifisert av Ålesund kommune i samspel med NTNU. Eksempel på tematiske fagområde og til ein kvar tid pågåande prosjekt er gitt i eige vedlegg til avtalen.

Økonomi

Kostnadar til samarbeidet er primært knytt til prosjektkoordinering, ph.d.-stillingar, og til gjennomføring av delprosjekt. Årleg budsjett og rekneskap skal handsamast i styringsgruppa.

Følgjande ressursar er relatert til prosjektet:

Koordineringsgruppa:

- Eigeninnsats NTNU tilsvarande lønsmidlar for 20 % stillingsressurs til koordineringsgruppa.
- Eigeninnsats Ålesund kommune tilsvarande lønsmidlar for 20 % stillingsressurs til koordineringsgruppa.

Andre samhandlingstiltak:

- Partane skal bidra med infrastruktur til å gjennomføre felles møte, seminar og delprosjekt.

- Kommunen bidreg som læringsarena (lab) og stiller ressursar til disposisjon til gjennomføring av prosjekt og vitskapleg arbeid.

Denne samarbeidsavtalen utløyer i seg sjølv ingen krav til økonomisk stønad frå NTNU mot Ålesund kommune eller omvendt. Slik bistand skal knytast til enkeltaktivitetar eller prosjekt som partane vert einige om å realisere under samarbeidet. Når det er aktuelt, arbeider partane saman for å søke ekstern finansiering til prosjekt. Samarbeidsavtalen regulerer ikkje ordinære kommersielle transaksjonar mellom partane.

Terminering

Dersom ein av partane ønsker å terminere avtalen innan slutten av prosjektperioden, skal dette skje med seks månaders varsel. Partane sine økonomiske forpliktingar overfor eventuelle stipendiatar og prosjektstillingar må uansett sikrast i samsvar med avtalen si opphavslege tidsramme og etter avtalen si fordeling av økonomiske forpliktingar.

Signering

Ålesund, 11. mai 2020

Astrid Eidsvik
Kommunedirektør
Ålesund kommune

Anne Borg
Rektor
Norges teknisk-naturvitenskapelige universitet

Vedlegg Prosjekt Ålesund Universitetskommune – Smarte berekraftige samfunn – eit vedlegg som vert periodisk oppdatert i tråd med utvikling av samarbeidsprosjekt

Dette vedlegget til avtalen **Smarte Berekraftige Samfunn** syner ei oversikt over samarbeidsprosjekt som allereie er i gang mellom partane og som ein vil byggje vidare på. I tråd med målsettingane vil partane saman arbeide for å utvikle og finansiere felles forskingsaktivitetar som er forankra i Utviklingsplanen og i dei tre temaene **Smarte berekraftig samfunn**, til dømes:

Smart: Simulering, AI og digitalisering. (Institutt for IKT og realfag vil ha primæranasvar her).

Berekraft: Sirkulærøkonomi og berekraftig forretningsutvikling, innovasjon og nyskaping. (Institutt for internasjonal forretningsdrift vil ha primæranasvar her).

Samfunn: Hav, kyst, infrastruktur (og plan), bygg- og havnæringar. (Institutt for havromsoperasjonar og byggingsteknikk og Institutt for biologiske fag vil ha primæranasvar her).

Frå kommunen si side vil dei kommunalområda som prosjekta/utviklingsarbeidet er knytt til, vere involverte og få primæranasvar i høve til delprosjekt og faglege samarbeid.

Aktivitetane innan kvart fagområde rapporterer etter avtale til koordineringsgruppa som vidare rapporterer til styringsgruppa før kvart styringsgruppemøte.

Pågåande prosjekt:

Aktive prosjekt	Institutt	Ansvarleg NTNU	Ansvarleg Ålesund kommune	Budsjett	Varighet til
Smart vann systemer	Institutt for havromsoperasjonar og byggingsteknikk	Razak Seidu	NN	1 150 000	Okt 2023
Ålesund kommune-Brusdalvannet-Klimaendringer	Institutt for havromsoperasjonar og byggingsteknikk	Razak Seidu	NN	300 000	Aug 2020
Sekretariatfunksjon for Driftsassistansen for vann og avløp i Møre og Romsdal	Institutt for havromsoperasjonar og byggingsteknikk	Kristian Fjørtoft	NN	535 000	Sept 2021
Smart plan*	Institutt for internasjonal	Dina Aspen	Anne Lise Sagen Major	4 000 000	Mai 2023

	forretningsdrift og institutt for IKT og realfag				
Amosim**	Institutt for internasjonal forretningsdrift	Dina Aspen	Anne Lise Sagen Major	500 000	
Smart sirkulær by, vidareføring av prosjekt	Institutt for internasjonal forretningsdrift	Annik Magerholm Fet	Ronny Frekhaug		2020
Aktive søknader					
SMURF	Institutt for internasjonal forretningsdrift	Dina Aspen	Anne Lise Sagen Major	NA	NA

*Budsjettet inkluderar 500 000 kroner i egenfinansiering.

**Det ligger ikkje direkte tildelingar til NTNU i Amosim, men det er lagt opp til kjøp av tenester frå OSC til NTNU.

Relevante aktive ph.d. stillingar ved NTNU:

- SMART: Ph.d. stilling innan smart by ved Institutt for IKT og realfag.
- BEREKRAFT: Ph.d. stilling innan berekraftig forretningsutvikling ved Institutt for internasjonal forretningsdrift.
- SAMFUNN: Ph.d. stilling innan smart vatn ved Institutt for havromsoperasjoner og byggteknikk.